



## **Eksempeloppgåve / Eksempeloppgave**

**Matematikk S1**

**April 2007**

Programfag i studiespesialiserende program /  
Programfag i studiespesialiserende program

Elevar/Elever  
Privatistar/Privatister

Oppgåva ligg føre på begge målformer, først nynorsk, deretter bokmål. /  
Oppgaven foreligger på begge målformer, først nynorsk, deretter bokmål.

## Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Eksamenstid:</b>	5 timer:  Delprøve 1 skal leverast etter 2 timer. Delprøve 2 skal leverast etter 5 timer.
<b>Hjelpemiddel, delprøve 1:</b>	Ingen hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå vanlege skrivesaker, passar, linjal, cm-mål og vinkelmålar.
<b>Hjelpemiddel, delprøve 2:</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå verktøy som tillet elevane å kommunisere med andre.
<b>Vedlegg:</b>	Ingen
<b>Vedlegg som skal leverast inn:</b>	Ingen
<b>Framgangsmåte og forklaring:</b>	Der oppgåveteksten ikkje seier noko anna, kan du fritt velje framgangsmåte.  Om oppgåva krev ein bestemt løysingsmetode, vil også ein alternativ metode kunne gi noko utteljing.  Det skal gå tydeleg fram av svaret på oppgåva korleis du har komme fram til svara. Før inn nødvendige mellomrekningar. Ved grafisk løysing må du markere avlesingane dine på figuren.
<b>Rettleiing om vurderinga:</b>	Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering. Det betyr at sensor vurderer i kva grad du <ul style="list-style-type: none"><li>– viser grunnleggjande dugleikar</li><li>– kan bruke hjelpemiddel</li><li>– gjennomfører logiske resonnement</li><li>– ser samanhengar i faget, er oppfinnsam og kan bruke fagkunnskap i nye situasjonar</li><li>– vurderer om svar er rimelege</li><li>– forklarer framgangsmåtar og grunngir svar</li><li>– skriv oversiktleg og er nøyaktig med utrekningar, nemningar, tabellar og grafiske framstillingar</li></ul>

## Delprøve 1

### OPPGÅVE 1

a) Deriver funksjonen

$$f(x) = 3x^3 + 2x^2 - 7$$

b) Bestem den gjennomsnittlege veksthastigheita til funksjonen  $f(x) = 3 \cdot 2^x$  frå  $x = 0$  til  $x = 3$ .

c) Skriv så enkelt som mogleg

$$\frac{2x}{x^2 - 9} + \frac{3}{3x + 9}$$

d) Skriv så enkelt som mogleg

$$\frac{a^{-3} \cdot (a \cdot b)^2}{a \cdot b^{-1}}$$

e) Løys likningssystemet

$$\text{I: } x^2 + 6 = y + 5x$$

$$\text{II: } 2x - y = -6$$

f) Rekn ut  $\binom{8}{6}$ . Forklar kvar i Pascals trekant du finn denne binomialkoeffisienten.

g) På ein volleyballkamp møter det 8 spelarar, 5 jenter og 3 gutter. Det blir trekt ut 6 spelarar som skal starte å spele. Kva er sannsynet for at alle gutane får starte?

## OPPGÅVE 2

Gitt funksjonen  $f(x) = x^3 - 3x^2$

- a) Finn skjeringspunktet mellom grafen til  $f$  og koordinataksen.
- b) Rekn ut  $f'(x)$  og bruk denne til å finne eventuelle topp- og botnpunkt på grafen til  $f$ .
- c) Teikn grafen til  $f$ .
- d) Finn gjennomsnittlig veksthastighet fra  $x = -1$  til  $x = 3$  både grafisk og ved rekning.

## Delprøve 2

### OPPGÅVE 3

Når vi tippar ei enkeltrekke i fotballtipping, skal vi tippe resultatet i 12 fotballkampar. Utfallet av ein kamp er anten heimesiger (H), uavgjort (U) eller bortesiger (B).



- a) Kva for antakingar må du gjere for at det å tippe ei enkeltrekke kan sjåast på som eit binomisk forsøk med  $n = 12$  og  $p = \frac{1}{3}$ ?

I resten av oppgåva skal vi anta at vilkåra for binomisk forsøk er oppfylte.

For å få gevinst må vi ha minst 10 rette.

- b) Kva er sannsynet for å få minst 10 rette når vi tippar éi enkeltrekke?

Ein tippar hevda at det var like vanskeleg å få 0 rette som å få 12 rette.

- c) Vis at han tek feil, og forklar kvifor dei to sannsyna ikkje blir like.

Ein ekspert på fotballtipping hevdar at han i gjennomsnitt vil få gevinst på kvar femte enkeltrekke han tippar.

- d) Finn, gjerne ved prøving og feiling, kor stort sannsyn  $p$  tippeeksperten må ha i gjennomsnitt for å tippe rett resultat på kvar enkelt kamp.

## OPPGÅVE 4


**Du skal svare på anten alternativ I eller alternativ II.  
Dei to alternativa er likeverdige ved vurderinga.**

(Dersom svaret inneholder delar av begge,  
vil berre det du har skrive på alternativ I, bli vurdert.)

### Alternativ I

Stigningstalet til tangenten i eit punkt på grafen til ein funksjon fortel kor "bratt" grafen er i dette punktet. Denne storleiken har vi ofte nytte av i praksis. I denne oppgåva skal vi bruke forskjellige metodar for å bestemme stigningstal.

- Funksjonen  $g$  er gitt ved  $g(x) = 2x^3 - 12x^2 - 5x + 8$ . Deriver funksjonen og bestem  $g'(4)$ .
- Grafen til funksjonen  $h$  er teikna nedanfor:



- Teikn forteiknslinja til  $h'(x)$ .
- Teikn grafen til  $h$  på svararket ditt. Vis korleis du kan bruke grafen til å finne ein tilnærningsverdi for  $h'(1)$ .

Samanhengen mellom kostnaden  $K(x)$  i kroner ved produksjon av ei vare og talet på produserte einingar  $x$  er gitt i tabellen nedanfor.

$x$	0	100	300	500	700
$K(x)$	30 000	83 000	207 000	355 000	527 000

- Bruk regresjon til å skrive  $K(x)$  på forma  $K(x) = ax^2 + bx + c$ .
- Finn  $K'(300)$ . Forklar kva dette svaret fortel oss.


Varene blir selde for 710 kroner per eining.

- e) Vis at overskottet i kroner er gitt ved uttrykket  $O(x) = -0,3x^2 + 210x - 30\,000$
- f) Bruk derivasjon til å finne kva for ein produksjon som gir størst overskott.

### Alternativ II

I denne oppgåva skal vi studere eksponentialfunksjonen. Ein eksponentialfunksjon er definert ved  $f(x) = a \cdot b^x$ , der  $a$  og  $b$  er konstantar. Til høgre ser du grafen til funksjonen dersom  $a = 100$  og  $b = 1,1$ .

- a) Forklar kva verdiane til  $a$  og  $b$  fortel oss.
- b) Kor mykje må  $x$  aukast for at funksjonsverdien skal fordoblast? Vis at auken er den same uansett kvar på grafen du startar.
- c) Finn den momentane veksten når  $x = 10$  og når  $x = 20$ .



Vi definerer den relative veksten i eit punkt  $(x_0, f(x_0))$  som  
$$\frac{\text{den momentane veksten i punktet}}{\text{funksjonsverdien i punktet}} = \frac{f'(x_0)}{f(x_0)}$$

- d) Finn den relative veksten når  $x = 10$  og når  $x = 20$ .

Ein eigenskap ved eksponentialfunksjonen er at den relative veksten er konstant, det vil seie at han er den same for alle verdiar av  $x$ .

- e) Vel ein annan verdi for  $x$  enn verdiene i d), og vis at den relative veksten framleis er den same.

## OPPGÅVE 5

Aina, Britt og Kim dekorerer T-skjorter og toppar. Dei har spesialisert seg på kvar sin del av dekoren.

- Aina bruker 6 minutt på sin del av dekoren på ei skjorte, og 30 minutt på sin del av dekoren på ein topp.
- Britt bruker 20 minutt på sin del av dekoren på ei skjorte og 20 minutt på sin del av dekoren på ein topp.
- Kim bruker 30 minutt på sin del av dekoren på ei skjorte og 12 minutt på sin del av dekoren på ein topp.

Aina kan arbeide inntil 5 timer kvar dag. Britt kan arbeide maksimalt 6 timer og Kim 8 timer kvar dag.



Dei dekorerer i alt  $x$  skjorter og  $y$  toppar kvar dag.

- Forklar at  $x$  og  $y$  må tilfredsstille følgjande ulikskapar:
  - $x \geq 0$  og  $y \geq 0$
  - $y \leq -\frac{1}{5}x + 10$
  - $y \leq -x + 18$
  - $y \leq -\frac{5}{2}x + 40$
- Teikn eit passande koordinatsystem, og skraver det området som er definert av ulikskapane ovanfor.
- Kvar skjorte blir seld for 250 kroner, og kvar topp blir seld for 300 kroner. Rekn ut den største inntekta Aina, Britt og Kim kan oppnå til saman per dag.
- Dei innrettar produksjonen slik at inntekta blir størst mogleg. Ein av dekoratørane får da tid til overs og må rydde arbeidslokalet. Undersøk kven av dei tre som får denne jobben, og kor mykje tid denne personen kan bruke på ryddearbeidet.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamensstid:</b>	5 timer:  Delprøve 1 skal leveres etter 2 timer. Delprøve 2 skal leveres etter 3 timer.
<b>Hjelpe midler, delprøve 1:</b>	Ingen hjelpe midler er tillatt, bortsett fra vanlige skrivesaker, passer, linjal, cm-mål og vinkelmåler.
<b>Hjelpe midler, delprøve 2:</b>	Alle hjelpe midler er tillatte, bortsett fra verktøy som tillater elevene å kommunisere med andre
<b>Vedlegg:</b>	Ingen
<b>Vedlegg som skal leveres inn:</b>	Ingen
<b>Framgangsmåte og forklaring:</b>	Der oppgaveteksten ikke sier noe annet, kan du fritt velge framgangsmåte.  Om oppgaven krever en bestemt løsningsmetode, vil også en alternativ metode kunne gi noe uttelling.  Det skal gå tydelig fram av besvarelsen hvordan du er kommet fram til svarene. Før inn nødvendige mellomregninger. Ved grafisk løsning må du markere avlesningene dine på figuren.
<b>Veiledning om vurderingen:</b>	Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering. Det betyr at sensor vurderer i hvilken grad du <ul style="list-style-type: none"><li>– viser grunnleggende ferdigheter</li><li>– kan bruke hjelpe midler</li><li>– gjennomfører logiske resonnementer</li><li>– ser sammenhenger i faget, er oppfinnsom og kan anvende fagkunnskap i nye situasjoner</li><li>– vurderer om svar er rimelige</li><li>– forklarer framgangsmåter og begrunner svar</li><li>– skriver oversiktlig og er nøyaktig med utregninger, benevninger, tabeller og grafiske framstillinger</li></ul>

## Delprøve 1

### OPPGAVE 1

a) Deriver funksjonen

$$f(x) = 3x^3 + 2x^2 - 7$$

b) Bestem den gjennomsnittlige veksthastigheten til funksjonen  $f(x) = 3 \cdot 2^x$  fra  $x = 0$  til  $x = 3$ .

c) Skriv så enkelt som mulig

$$\frac{2x}{x^2 - 9} + \frac{3}{3x + 9}$$

d) Skriv så enkelt som mulig

$$\frac{a^3 \cdot (a \cdot b)^2}{a \cdot b^{-1}}$$

e) Løs ligningssystemet

$$\text{I: } x^2 + 6 = y + 5x$$

$$\text{II: } 2x - y = -6$$

f) Regn ut  $\binom{8}{6}$ . Forklar hvor i Pascals trekant du finner denne binomialkoeffisienten.

g) På en volleyballkamp møter det 8 spillere, 5 jenter og 3 gutter. Det trekkes ut 6 spillere som skal starte å spille. Hva er sannsynligheten for at alle guttene får starte?

## OPPGAVE 2

Gitt funksjonen  $f(x) = x^3 - 3x^2$

- a) Finn skjæringspunktene mellom grafen til  $f$  og koordinataksene.
- b) Regn ut  $f'(x)$  og bruk denne til å finne eventuelle topp- og bunnpunkter på grafen til  $f$ .
- c) Tegn grafen til  $f$ .
- d) Finn gjennomsnittlig veksthastighet fra  $x = -1$  til  $x = 3$  både grafisk og ved regning.

## Delprøve 2

### OPPGAVE 3

Når vi tipper en enkelttrekk i fotballtipping, skal vi tippe resultatet i 12 fotballkamper. Utfallet av en kamp er enten hjemmeseier (H), uavgjort (U) eller borteseier (B).



- a) Hvilke antagelser må du gjøre for at det å tippe en enkelttrekk kan sees på som et binomisk forsøk med  $n = 12$  og  $p = \frac{1}{3}$ ?

I resten av oppgaven skal vi anta at betingelsene for binomisk forsøk er oppfylt.

For å få gevinst må vi ha minst 10 rette.

- b) Hva er sannsynligheten for å få minst 10 rette når vi tipper én enkelttrekk?

En tipper hevdet at det var like vanskelig å få 0 rette som å få 12 rette.

- c) Vis at han tar feil, og forklar hvorfor de to sannsynlighetene ikke blir like.

En ekspert på fotballtipping hevder at han i gjennomsnitt vil få gevinst på hver femte enkelttrekk han tipper.

- d) Finn, gjerne ved prøving og feiling, hvor stor sannsynlighet  $p$  tippeeksperten må ha i gjennomsnitt for å tippe rett resultat på hver enkelt kamp.

## OPPGAVE 4


**Du skal besvare enten alternativ I eller alternativ II.  
De to alternativene er likeverdige ved vurderingen.**

(Dersom besvarelsen inneholder deler av begge,  
vil bare det du har skrevet på alternativ I, bli vurdert.)

### Alternativ I

Stigningstallet til tangenten i et punkt på grafen til en funksjon forteller hvor "bratt" grafen er i dette punktet. Denne størrelsen har vi ofte nytte av i praksis. I denne oppgaven skal vi bruke forskjellige metoder for å bestemme stigningstall.

- Funksjonen  $g$  er gitt ved  $g(x) = 2x^3 - 12x^2 - 5x + 8$ . Deriver funksjonen og bestem  $g'(4)$ .
- Grafen til funksjonen  $h$  er tegnet nedenfor:



- Tegn fortegnslinja til  $h'(x)$ .
- Tegn grafen til  $h$  på svararket ditt. Vis hvordan du kan bruke grafen til å finne en tilnærningsverdi for  $h(1)$ .

Sammenhengen mellom kostnaden  $K(x)$  i kroner ved produksjon av en vare og antall produserte enheter  $x$  er gitt i tabellen nedenfor.

$x$	0	100	300	500	700
$K(x)$	30 000	83 000	207 000	355 000	527 000

- Bruk regresjon til å skrive  $K(x)$  på formen  $K(x) = ax^2 + bx + c$ .
- Finn  $K'(300)$ . Forklar hva dette svaret forteller oss.

Varene selges for 710 kroner per enhet.


- e) Vis at overskuddet i kroner er gitt ved uttrykket  $O(x) = -0,3x^2 + 210x - 30\,000$
- f) Bruk derivasjon til å finne hvilken produksjon som gir størst overskudd.

### Alternativ II

I denne oppgaven skal vi studere eksponentialfunksjonen. En eksponentialfunksjon er definert ved  $f(x) = a \cdot b^x$ , der  $a$  og  $b$  er konstanter.

Til høyre ser du grafen til funksjonen dersom  $a = 100$  og  $b = 1,1$ .

- a) Forklar hva verdiene til  $a$  og  $b$  forteller oss.
- b) Hvor mye må  $x$  økes for at funksjonsverdien skal fordobles? Vis at økningen er den samme uansett hvor på grafen du starter.
- c) Finn den momentane veksten når  $x = 10$  og når  $x = 20$ .



Vi definerer den relative veksten i et punkt  $(x_0, f(x_0))$  som

$$\frac{\text{den momentane veksten i punktet}}{\text{funksjonsverdien i punktet}} = \frac{f'(x_0)}{f(x_0)}$$

- d) Finn den relative veksten når  $x = 10$  og når  $x = 20$ .

En egenskap ved eksponentialfunksjonen er at den relative veksten er konstant, det vil si at den er den samme for alle verdier av  $x$ .

- e) Velg en annen verdi for  $x$  enn verdiene i d), og vis at den relative veksten fortsatt er den samme.

## OPPGAVE 5

Aina, Britt og Kim dekorerer T-skjorter og topper. De har spesialisert seg på hver sin del av dekoren.

- Aina bruker 6 minutter på sin del av dekoren på en skjorte, og 30 minutter på sin del av dekoren på en topp.
- Britt bruker 20 minutter på sin del av dekoren på en skjorte og 20 minutter på sin del av dekoren på en topp.
- Kim bruker 30 minutter på sin del av dekoren på en skjorte og 12 minutter på sin del av dekoren på en topp.

Aina kan arbeide inntil 5 timer per dag. Britt kan arbeide maksimalt 6 timer og Kim 8 timer hver dag.



De dekorerer i alt  $x$  skjorter og  $y$  toppt per dag.

a) Forklar at  $x$  og  $y$  må tilfredsstille følgende ulikheter:

- 1)  $x \geq 0$  og  $y \geq 0$
- 2)  $y \leq -\frac{1}{5}x + 10$
- 3)  $y \leq -x + 18$
- 4)  $y \leq -\frac{5}{2}x + 40$

- b) Tegn et passende koordinatsystem, og skraver det området som er definert av ulikhettene ovenfor.
- c) Hver skjorte selges for 250 kroner, og hver topp selges for 300 kroner. Regn ut den største inntekten Aina, Britt og Kim kan oppnå til sammen per dag.
- d) De innretter produksjonen slik at inntekten blir størst mulig. En av dekoratørene får da tid til overs og må rydde arbeidslokalet. Undersøk hvem av de tre som får denne jobben, og hvor mye tid denne personen kan bruke på ryddearbeidet.